

**MØTEBOK HALLINGTINGET****TID: 4. - 5. april 2023****STAD: Jakt og Fiskesenteret, Flå kommune****Desse møtte på Hallingtinget:**

<b><u>Hol kommune</u></b> Sigrid Simensen Ilsøy Sissel Hovland Guri T. Slettemoen Hanne Haatuft Henning Solhaug	<b><u>Hemsedal kommune</u></b> Pål Terje Rørby Janne Merete Brønbo Hege E. Falck- Andersen Inge Berthram Wahl
<b><u>Ål kommune</u></b> Jørund Li Solveig Løkensgard Arnegard Dagfinn Bøygard Toril Helling Bergaplass Ola Terje Oleivsgard	<b><u>Nesbyen kommune</u></b> Anne Kari Eriksen Kristian Noreng Geir Olav Garthus Anne Marie Kollhus Bård Heio/Endre Storhaug
<b><u>Gol kommune</u></b> Heidi Granli Tom Rune S Blakkestad Leif Nordhaug Jan Kattenberg Kristin Bakke Haugen	<b><u>Flå kommune</u></b> Merete Høntorp Gandrud Kristian Aakervold Karen Johanne Gulsvik Kristin Gullingsrud Karen Johanne Gulsvik

**Frå Kommunedirektør-/rådmannsutvalet møtte:**

Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Hege Mørk Gol kommune, Odd Egil Stavn Flå kommune, Ola Frogner, Hemsedal kommune, Anders Halland, Nesbyen kommune

**Administrasjon Regionrådet**

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Jorun Utne, Regionalutviklar, Maria Grevsgård, Sats på Hallingdal, Guro Flatland Veslehaug, Klomakoordinator

**Frå Viken møtte:**

Magnus Weggesrud (Sp) dag 1  
Iselin Haugo Stavn (H) dag 1  
Hilde Aarø (adm) dag 1

---

## **OPNING AV HALLINGTINGET V/FUNGERANDE RÅDSORDFØRAR MERETE GANDRUD**

### **SAK 12/23 KVA ER HALLINGTINGET OG KORLEIS FUNGERER DET REGIONALE SAMARBEIDET.**

Hallingtinget fekk ein gjennomgang av samarbeidsavtala til Hallingtinget, ein introduksjon til regionalt samarbeid og såg på kva resultat kan me vise til historisk og kva jobbar me med no. Det vart også ei drøfting på kva utfordringar me har i det regionale samarbeidet. Sjå vedlagt presentasjon

### **SAK 13/23 RULLERING AV HANDLINGSPROGRAMMET I STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL**

#### **Vedtak:**

Hallingtinget vedtek Handlingsprogrammet for 2024 med følgjande justeringar:

- Pkt 16: Bli endra til: Arbeide for tilrettelagt og relevant yrkesfag-, og studieforbereande tilbod, samt kople vidaregåande skule og lokalt næringsliv.
- Pkt 23 b Nytt pkt. Arbeide for redusert sårbarheit og betre redundans på kommunikasjonsløysingane våre

### **SAK 14/23 ÅRSBUDSJETT FOR 2024 OG ØKONOMIPLAN 2024-2027**

#### **Vedtak**

- Hallingtinget rår til at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
  - driftsbudsjettet 2024 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 2 900 000
  - gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000
  - oppbygging av disposisjonsfondet med ei kommunal finansiering på kr. 113 391Totalt er det framlegg om kommunal finansiering på kr. 3 913 391 som er ei auke for kommunane med 4,35%
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2024 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2025. Ein rår til at disposisjonsfondet blir tilført kr 113 391 frå kommunane og kr. 200 000 frå bunde fond (høgskuletilbod obj 824) for å koma opp til kr. 700 000
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2024 – 2027.

**SAK 15/23 SAMFERDSELSARBEID FRAM MOT NTP 2025-2036****Vedtak:**

1. Hallingtinget sett ned eit samferdselsutval som består av Solveig Vestenfor, Petter Rukke, Tor Egil Buøen, Ole Johnny Stavn, Tom Rune Blakkestad, Pål Rørby og Jan Olav Helling
2. Regionrådet for Hallingdal vedtek følgande mandat for samferdsleutvalet:
  - Samferdselsutvalet skal arbeide med samferdselsrelaterte saker av alle slag og utgreie tiltak på kort sikt og tilrådingar på lang sikt. Dette kan vera høyringar til statsbudsjett og NTP, og påverknad mot stat, fylke og andre relevante instansar.
  - Regionrådet for Hallingdal prioriterer satsingsområder, men utvalet kjem med forslag. Utvalet rapporterer til Regionrådet ved behov og til Hallingtinget 2 gonger pr. år.
3. Regionrådet går ikkje inn for å opprette ei eiga administrativ stilling på samferdselsområdet på kort sikt, men vil jobbe aktivt med samferdsel i allereie esisterande råd og utval. Ved behov kan det leigast inn eksterne ressursar for kortare oppdrag mot NTP behandlinga våren 2024
4. Målsetting for Samferdselsarbeidet i Hallingdal: Vegpakke Hallingdal, samt Ringeriksporteføljen inn i første periode i NTP.

**SAK 16/23 REGIONALT POLITIRÅD****Vedtak:**

1. Hallingtinget vidarefører samarbeidsavtale for politiråd utan endring.
2. Hallingtinget ber kommunedirektørutvalet vurdere om den samla innsatsen som kommunar og andre aktørar gjer for ungdom med rusproblematikk og psykiske helseutfordringar er godt nok ivaretatt.

**SAK 17/23 KS. KOMMUNANE SIN INTERESSEORGANISASJON OG UTVIKLINGSPARTNAR.**

Bjørn Sjøvold, Regiondirektør for KS Viken orienterte om KS si rolle og verksemd. Sjå vedlagte presentasjon. Sjøvold utfordra og Hallingtinget til å drøfte kva forventning Hallingtinget skal ha til KS. Her er nokre av svara.

- Bidra til eit meir rettferdig inntektssystem sett i lys av høgare utgifter på alle områder.
- Sjå på ordninga rundt finansiering av lovpålagte ressurskrevande tenester
- Kompensasjonsordningar fordi me har fleir hyttehallingar enn innbyggjarar i dalen til ei kvar tid
- Ønskje om at KS deltek på nokre av våre regionale møter
- Tilføre kompetanse og kunnskap på å utføre kommunale tenester
- KS kjem inn tidleg i politkaropplæring – kan gjerne koma inn etter at politikarane har fått virke
- 2 basisdagar – det er mogeleg med 2 dagar ekstra
- Hjelp kommunane med kontaktar opp mot sentrale beredskapsaktørar
- Hjelp kommunane med lønsspørsmål knytt til legeavtalene

**SAK 18/23 ORIENTERING OM HALLINGDAL SJUKESTUGU.**

May Janne Botha Johannesen, Rune Rindal og Marit Øen Li orienterte om kapasitet, utvikling, framtidsutsikter og kva tilbodet på Sjukestuge betyr for Hallingdal. Sjå presentasjon

**SAK 19/23 NYE BUSKERUD – PROSESS, OPPSTART OG BUDSJETT.**

Magnus Weggesrud og Iselin Haugo Stavn orienterte kort om kva som skjer i Viken.

## SAK 20/23    EVENTUELT

### Campus Hallingdal

Heidi Granli orienterte om kva som skjer vidare med Campus Hallingdal. Ho snakka om budsjettvedtak i stortinget 11. desember, om STIM AS [STIMWORK.NO](http://STIMWORK.NO) - [stimwork](http://stimwork.no) eller Gjensidigebygget på Gol som blir base for Campus, om rekruttering av studentar startar no og om kva studieretningar som er planlagt både på Campus Hallingdal med også på Geilo og på Torpomoen. Sjå vedlegg.


Her er lenke til dei ulike studiane:

[Årsstudium i bedriftsøkonomi – Gol, heltid \(usn.no\)](#) (valgretning innovasjon og entreprenørskap)

[Årsstudium i bedriftsøkonomi – Gol, deltid \(usn.no\)](#) (valgretning innovasjon og entreprenørskap)

[Årsstudium i IT og informasjonssystemer – Gol, heltid \(usn.no\)](#)

[Årsstudium i IT og informasjonssystemer – Gol, deltid \(usn.no\)](#)



[Grunnskolelærerutdanning for trinn 1 til 7 – Gol heltid \(usn.no\)](#)

Hallingdal, 14. des 2023

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar